



Terje J Ledahl AS  
Nordnesveien 21  
5005 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/912 - 17/10009

Saksbehandlar:  
Line Hervig  
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:  
15.08.2017

## Byggesak Gbnr 77/81 Solheim vestre - veg med leidningsnett for VA og grovplanering av uteopphaldsareal og 5 bustadtomter - søknad om igangsetjing av sprenging og oppfylling - mellombels svar

Viser til ditt brev datert 07.07.2017 om igangsettingsløyve for «sprenging og oppfylling», samt tilleggsdokumentasjon i brev av 11.08.2017.

Kommunen legg til grunn at oppfylling av tomtene vil krevje at det vert oppført terrengstøttemurar. Likevel kan kommunen ikkje sjå at terrengstøttemurane er nabovarsla og omsøkt, korkje i søknad om rammeløyve eller i søknad om igangsettingsløyve. Kommunen viser til vår vurdering i rammeløye for grovplanering av tomt 1-5, vedtak 125/2017 datert 11.05.2017:

*Tverrsnitt av tomtene viser terrengstøttemurar, men det ligg ikkje føre lengdesnitt, og støttemurar er ikkje vist på situasjonsplan eller omtalt i søknad eller nabovarsel. Det er uklart om terrengstøttemurane inngår i søknaden. Vidare er det i brev av 10.05.17 opplyst at det vil vere utarbeidd nye snitt når tomtane er grove av. Nokre av støttemurane får ein vesentleg dimensjon. Ut i frå brev av 10.05.17 og samtaler med ansvarleg skjer legg bygningsstyresmakta til grunn at planering av tomtene og terrengstøttemurane ikkje er ferdig prosjektert. Ut i frå opplysningane i søknaden har bygningsstyresmakta ikkje grunnlag for å ta stilling til planering og terrengstøttemurar. Bygningsstyresmakta finn difor bare å kunne gje rammeløyve for den del av søknaden som gjeld grovplanering av tomt 1-5.*

Tilleggsdokumentasjon motteke 11.08.17 viser at terrengstøttemurane vil få ei vesentleg dimensjon og plassering i strid med avstandsføresegner i plan- og bygningslova § 29-4. Murane er følgjeleg eit søknadspliktig tiltak med krav til nabovarsling.

Før kommunen kan handsame saka må følgjande rettast:

- Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak for oppføring av terrengstøttmurer, anten som sjølvstendig søknad om rammeløyve eller som søknad om endring av rammeløyve i sak 125/2017. Først når det ligg føre rammeløyve for murene kan kommunen gje igangsettingsløyve.
- Før søknaden vert sendt til kommunen må terrengstøttmurene nabovarslast.
- For murene som er plassert heilt i nabogrense, eller forøvrig i strid med avstandsføresegner i plan- og bygningslova § 29-4, må det anten liggje føre skriftleg samtykke frå nabo eller det må søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4. Ein eventuell søknad om dispensasjon skal nabovarslast særskilt.
- Lengdesnittet viser høgde på 5-meterslinjal. Topp mur er vist med kotehøgde, medan høgde på opphavleg terreng ikkje er vist. Det er difor vanskeleg for kommunen å lese nøyaktig høgde på murene ut i frå lengdesnittet i eit elektronisk dokument. Kommune ber om at lengdesnitt vert påført informasjon om høgde på murene, evt. kotehøgde på opphavleg terreng.
- Det ligg ikkje føre snitt for mur 3, og høgde og lengde på denne muren er ikkje vist i søknaden.
- Når det vert sendt inn søknad om igangsetting er det blankett 5151 *Søknad om igangsettjingsløyve* som skal nyttast.

Når det gjeld tiltak på tomt nr. 6 viser kommunen til at denne tomten ikkje er med i rammeløyvet. Denne tomten ligg også på eit anna gards- og bruksnummer. Tiltak på denne eigedomen kan følgjeleg ikkje handsmast som del av det løyvet som er gitt for gbnr 77/81.

Med helsing

Line Hervig  
jurist/ byggesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Terje J Ledahl AS

Nordnesveien 21

5005

BERGEN